



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

INNVALSTELEFON

TELEFAKS

+47 98202739

+47 22 94 04 04

VÅR REF.
13/02240-8

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

postmottak@ra.no

ARK. F - Fartøy

VÅR DATO

Vestgar

05.02.2014

www.riksantikvaren.no

Øygardsbåtane
Geitanger
5360 Kolltveit



KOPI

M/S VESTGAR- LMEA MELLOMBELS DISPENSASJON FRÅ FREDINGSFØRESEGNENE - MØBLEMENT

Vi syner til brev frå Øygardsbåtane dagsett 29. januar 2014 der det vert søkt om løyve til å montere opp att benker og bord i salongen på hovuddekket om bord i M/S «Vestgar». Dette er ikkje dei originale benkane og borda, eller kopiar av desse, men eit mindre tal benkar og bord av liknande utforming. Desse vil berre bli nytta fram til det er laga kopiar av dei originale.

I følgje fredingsføresegnene av 08.01.2014 punkt 1 er tiltaket søknadspliktig:
Fartyet sitt eksteriør, konstruksjon, arrangement eller originalt fast inventar skal ikkje endrast.

Riksantikvaren ser at bruken av skipet vil vere avhengig av at det vert installert sitjeplassar for passasjerar.


VEDTAK:


Fram til det er produsert nye møblar i original utforming og utføring gjev Riksantikvaren mellombels dispensasjon frå punkt 7 i fredingsføresegnene slik at eit mindre tal uoriginale benkar og bord kan installerast.

Høve til å klaga

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendes til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing

for 
Dagfinn Claudius (e.f.)
avdelingsdirektør

for 
Mari Søbstad Amundsen
konst. seksjonssjef

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020
BERGEN